

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga  
 Sak nr.: 15/10752-7

**Statsbudsjettet 2016 - kap. 1429 post 71 freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - tildeling av tilskot**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert gitt slik løyving frå post 71. Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap for 2016:
 

a. Vonens hus, Fjaler kommune	kr. 600 000
b. Våningshuset på Nedre Kvamme, Lærdal kommune	kr. 670 000
c. Heimdalstrand, sommarhuset, Balestrand kommune	kr. 1 500 000
d. Heimdalstrand, atelier/stabbur, Balestrand kommune	kr. 170 000
e. Tingvoll bustadhuset, Stryn kommune	kr. 180 000
f. Kaupanger hovudgård, kulturlandskapet Sogndal kommune	kr. 175 000
g. Kaupanger hovudgård, hovudhuset, Sogndal kommune	kr. 50 000
h. Bu i Haukedalen, Førde kommune	kr. 25 000
i. Restaureringsleiar for freda bygg	kr. 400 000

Av dei tildelte midlane har Riksantikvaren øymerka fyljande prosjekt:

j. Sanitetsbunker i Måløy, Vågsøy kommune	kr. 150 000
k. Brannsikring i Lærdal (Hansegarden)	kr. 80 000

**Sum tildelt tilskot** **kr. 4 000 000**

2. Det vert gitt ei førehandsløyving frå post 71. Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap for 2017:
 

a. Lien (Olsbø) masstova, Hornindal kommune	kr. 743 000
b. Askelund futegard, Balestrand kommune	kr. 157 000
c. Restaureringsleiar for freda bygg	kr. 100 000

**Sum tildelt tilskot** **kr. 1 000 000**

3. Det vert ikkje gjeve tilskot til fyljande prosjekt:
  - a. Svanøy hovudgard, Flora kommune
  - b. Ormelid, stabburet, Luster kommune
4. Inndregne midlar frå post 72.2.1. Tilskot gitt i 2013 i samband med grunnlovsjubileet til istandsetjing av bygningar etter Eidsvollsmennene i fylket, kr. 200 000 vert løyvd til istandsetjing av vindauga på sorenskrivargarden Loftesnes i Sogndal kommune.
5. Inndregne midlar frå post 72.4 Kystkultur frå 2013 kr. 65 000 vert løyvd til venneforeninga for Indre Ofredals-anlegget. Tilskotet skal nyttast til å lage ein istandsetjings- og vedlikehaldsplan for anlegget.
6. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetalinga av midlane i tråd med retningslinjene frå Riksantikvaren

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Brev frå Riksantikvaren av 11. februar 2016, med vedlegg
2. Nærare omtale og vurdering av søknadane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Innkomne søknadar for 2016
2. Rundskriv T-1/15 Tilskotsordningar for 2016. Ordningane omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern, forureining og klima
3. Retningslinjer og vilkår for tilskudd frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79
4. Bevaringsprogram for freda hus i privat eige

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune søkte Riksantikvaren om eit tilskot frå statsbudsjettet kap 1429 post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap på kr. 7 178 00. Fylkeskommunen sin søknad til Riksantikvaren var basert på innkomne søknadar frå private eigarar av freda bygningar og anlegg i fylket. I brev av 11. februar 2016 gjorde Riksantikvaren fyljande vedtak:

***Vedtak 1 om tildeling***

*Riksantikvaren gir med dette en tildeling på kr 4. 000. 000 frå post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap. Av de tildelte midlene skal kr. 150 000 benyttes til el. Anlegg i en bunker på Måløy og kr 80 000 skal gå til brannsikring i Lærdal.*

***Vedtak 2 om tildeling***

*Riksantikvaren gir med dette et forhåndstilsagn for 2017 på kr 1. 000. 000 fra post 71 fredete bygninger og anlegg i privat eie, kulturmiljø og kulturlandskap.*

### 2. Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har via Riksantikvaren fått tildelt 4 mill kroner for 2016 i tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fordeling blant dei innkomne søknadane. Desse midlane kjem i tillegg til 1,0 mill kroner som fylkeskommunen fekk førehandsløyving for i 2015 og som vart fordelt i HK-sak 36/14 med fyljande fordeling av midlane:

- |  |            |
|--|------------|
| 1. Våningshuset på Nedre Kvamme i Lærdal kommune | 900 000 kr |
| 2. Restaureringsleiar for freda bygg og anlegg   | 100 000 kr |

Med førehandstildelinga for 2016 er den totale tildelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune frå post 71 på 5 mill kr.

I tillegg har fylkeskommunen fått ei førehandsløyving for 2017 frå post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap på 1,0 mill kr.

I si grunngjeving for vedtaket peikar Riksantikvaren på at hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og ta vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlane frå post 71 er relatert til nasjonalt mål om at freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Riksantikvaren si fordeling til fylka i 2016 er basert på fylgjande kriterier:

- Tal freda bygningar i fylket
- Tal kvalifiserte søkjarar frå private eigarar.
- Tal freda bygningar i privat eige med forbetra tilstandsgrad i løpet av dei siste fem åra.
- Bygningsdelar som ein ynskjer å setja istand skal vere tilstandsvurdert.
- Oppdatert tilstandsgrad på bygningdelar/bygning etter istandsetting.
- Ubrukte tilskotsmidlar frå Riksantikvaren.
- Tilgang på kvalifiserte handverkarar
- Kapasitet for oppfølging av enkeltprosjekt i fylkeskommunen.

Riksantikvaren har i sitt tildelingsbrev øymerka tilskot til to prosjekt. Desse prosjekta hadde fylkeskommunen tatt ut av vår fellessøknad og sendt til Riksantikvaren som separate søknadar då vi vurderte at dei høyrer heime på andre tilskotspostar frå Statsbudsjettet. Riksantikvaren har i si handsaming valt å gje tilskot til desse prosjekta frå post 71 og presisert det i sitt vedtak om tilskot til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### **3. Målgrupper og nasjonale mål**

Kvart år kan private eigarar av freda og fredingsverdige kulturminne søkje om statleg tilskot til vern og sikring gjennom Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for freda bygningar i privat eige. Riksantikvarens tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til «Bevaringsprogrammet for fredete bygninger i privat eie». Dei private eigarane av freda bygningar søkjar fylkeskommunen som sender ein felles søknad til Riksantikvaren om tilskot til fylket. Basert på denne søknaden får fylkeskommunen tildelt ein sum som skal vidarefordelast.

Målet for tilskotsordninga er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskapi privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar og anlegg, kulturmiljø og kulturlandskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminna må vere heilt eller delevis i privat eige. Tilskotet skal dekke meirutgifter, heilt eller delevis i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, som er i samsvar med fredingsføremålet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne som er typiske for liv og verksemd langs kysten.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i fyrste rekkje knytt til Noreg sine åtte freda kulturmiljø, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar. Sogn og Fjordane fylke har pr. i dag ingen freda kulturmiljø.

I stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste, Kulturminnepolitikken* er eit av måla at freda bygg i privat eige skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. utfordringane for å nå dette målet er store og *Bevaringsprogrammet for fredete bygninger i privat eie* skal bidra til måloppnåinga.

Dei to største utfordringane for å nå målet om ordinært vedlikehaldsnivå på freda bygningar i privat eige er tilgang på kvalifiserte handverkarar og tilstrekkeleg økonomisk støtte til å gjennomføre restaureringane på eit høgt kvalitativt nivå. Ei anna utfordring i fleire nødvendige prosjekt har vore og er, eigar si evne til å ta sin del av kostnadane ved istandsetjing av egne bygningar.

### **4. Generelle føresetnadar**

#### **4.1 Riksantikvaren sine kriterier for fylkeskommunal sakshandsaming**

I vedlegg til Riksantikvaren sitt brev av 11. februar 2016 gav dei fyljande føringar for fylkeskommunane sin søknadshandsaming:

Overordna kriterier:

- Tilskot til istandsetjing skal gå til private eigarar av freda bygningar, anlegg, kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Kulturminne knytt til kystkultur som har nasjonal verdi og høg regional verdi kan også tildelast tilskot sjølv om kulturminne/kulturmiljøet ikkje er freda. I desse tilfella skal verneverdien grunnjevast.
- Det skal føreligge søknad før det utbetalast tilskot, jf. Rundskriv T-1/15
- Særskilte prioriteringar kan gjevast i tilskotstildelinga frå direktoratet, eventuelt på bakgrunn av føringar frå Storting, regjering og departement.
- Private eigarar og forvaltarar kan for eksempel vere enkeltpersonar, stiftingar, akseselskap, sameige, foreiningar og andre frivillige organisasjonar.
- Dersom bygningen ikkje er tilstandsregistrert, må dette gjerast før tilskot tildelast.

Prioriteringar:

- Tiltak som hindrar ytterlegare forfall skal prioriterast.
- Bygningar eller anlegg som forfell, skal mellombels sikrast i påvente av planar eller tilstrekkeleg økonomi til istandsetjing.
- Tiltak på freda bygningar og anlegg det er få av skal prioriterast.
- Bygningar og anlegg med tilstandsgrad (TG) 3 og Tg 2 skal prioriterast.

For meir utfyllande om Riksantikvaren sine kriterier for fylkeskommunal sakshandsaming syner vi til vedlegg 1.

Nytt i årets tildelingsbrev frå Riksantikvaren er at dei vil godkjenne fylkeskommunen sine planar i samband med at tilskotet vert utbetalt til fylkeskommunen. Dette for å sikre at den fylkeskommunale tildelinga er i tråd med gjeldande retningslinjer for tilskot. Fylkesdirektøren ser dette som eit nytt ledd i Riksantikvaren sitt kontrollregime i tilskotshandsaminga. Dei siste åra har krava til rapportering på både søknad og bruk av tilskot auka. Ei fylje av dette er at fylkeskommunen må nytte meir ressursar på desse oppgåvene enn tidlegare. Då det ikkje har vore ei auke i tilskotstildelinga til fylkeskommunen, bruker administrasjonen no meir ressursar for å forvalte same tilskotsbeløp.

#### **4.2 Tilstandsvurdering av freda bygningar i privat eige**

Tilstandsvurderinga er viktig i samband med fordeling av midlane og for å kunne rapportere på grad av måloppnåing av det nasjonale målet om at alle freda bygningar skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Erfaringane så langt syner at skadeomfanget ofte er mykje større enn det tilstandsregistreringa syner. Dette grunna mellom anna at ein del skadar ikkje er synlege då dei er kledd inn med ytterkledning og innvendig tapet/lerret/panel. Dette fører ofte til at kostnadsoverslaget frå handverkar ikkje held og at reparasjonane vert dyrare enn forventa. Tilstandsvurderinga av dei freda bygga vart i hovudsak gjort i 2007, dette fører til at tilstandsgrada på nokon av bygningane kan ha blitt forverra i tida etter tilstandsregistreringa. Der eigar melder inn behov kan det difor vere aktuelt at fylkeskommunen gjer ei oppdatering av tilstandsregistreringa for å få registrert dagens tilstand.

#### **4.3 Restaureringsleiar**

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein restaureringsleiar for freda bygg som skal fylje opp det praktiske restaureringsarbeidet på dei freda bygningane i fylket. Stillinga har vore finansiert ved å nytte ca. 10% av tilskotsmidlane til freda bygg og anlegg. Frå 2013 har fylkeskommunen også nytta ca. 10% av tilskota til verdsarv til finansiering av denne stillinga. Ei fylje av dette er at arbeidsområdet knytt til stillinga har blitt utvida til å omfatte verneverdige bygningar i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

#### **4.4 Tilbaketrekte midlar**

Nokre prosjekt som får tilskot vert av ulike grunnar ikkje starta opp eller ferdigstilt innan tidsfristen. I desse tilfella er fylkeskommunen nøydd til å trekkje tilbake midlane og fordele dei til nye istandsetjingsprosjekt i fylket, jf. Riksantikvaren sine retningslinjer for tilskot. Fylkesdirektøren ynskjer i minst mogleg grad å trekkje tilbake løyvde tilskot, men i nokon tilfelle er det ingen veg utanom å trekkje tilskotet tilbake.

I 2013 fekk fylkeskommunen fleire ekstraløyvingar i samband med grunnlovsjubileet i 2014 som skulle gå til istandsetjing av freda bygningar etter Eidsvollsmennene i fylket. Kr. 200 000 vart løyvd til måling av bygningane på eigedomen Christianelyst i Luster kommune, som var den andre bustaden til Eidsvollsmannen Lars Johannes Irgens. Dette er ikkje gjennomført og eigar har heller ikkje signert akseptskjemaet for at ho tek i mot tilskotet. Fylkeskommunen har hatt noko kontakt med representant for eigar og signala var at tiltaket ikkje vart gjennomført. Fylkeskommunen har i brev av 24. februar 2016 gitt melding om at tilskotet er trekt tilbake. Fylkesdirektøren foreslår difor å nytte desse midlane til istandsetjing av vindauga på sorenskrivargarden Loftesnes i Sogndal kommune. Sorenskrivargarden Loftesnes var den første bustaden til Eidsvollsmannen Lars Johannes Irgens.

Gjennom fleire år har fylkeskommunen løyvd tilskot til istandsetjing av sjøbua på handels- og gjestgjevarstaden Vågsberget i Vågsøy kommune. Prosjektet har hatt dårleg framdrift og av den siste tildelinga frå 2013 er det kr. 65 000 som ikkje er brukt og som vart trekt tilbake i brev av 10. februar 2016. Denne løyvinga kom frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 72.4 kystkultur. Fylkesdirektøren foreslår no å løyve desse midlane til ein istandsetjings- og vedlikehaldsplan for Indre Ofredalsanlegget i Årdal kommune. Transport på fjordane og ut til kysten og Bergen har vore ein vesentleg del av fylket sin kystkultur. Indre Ofredalsanlegget er eit heilskapleg skogsbruksanlegg som er i fredingsklasse. Det er her behov for å få på plass ein heilskapleg plan for vedlikehaldet av anlegget som venneforeninga kan nytta i sitt arbeid med vedlikehald av bygningane og i samband med å søkje om ekstern finansiering av istandsetjingsarbeidet.

#### **4.5 Status for oppstarta store istandsetjingsprosjekt i Sogn og Fjordane**

**Loftesnes, Sogndal kommune:** Restaurering og konserveringsarbeidet av 1700-tals tapeten i salen er ferdigstilt. Alle dei opphavlege vindauga i salen mot vest, samt vindauga mot nord er ferdig restaurerte. Det står att å restaurere to vindauga mot aust, samt ei opphavleg altandør mot vest. Det står også att noko reparasjonsarbeid på steintrappa på fasaden mot sør. I tillegg må det lagast innvendige vindauga der dette manglar og der dei eksisterande er i for dårleg stand. Dette for å ivareta bukomforten i huset.

**Bispestova, Høyanger kommune:** Istandsetjingsarbeidet på Bispestova er i hovudsak slutført, og venneforeninga har no starta arbeidet med planlegging for ny bruk. I samband med 150 års jubileet for Lavik kyrkje hadde dei ei utstilling i Bispestova. I 2015 vart det og arrangert ein kulturminnekveld på Lavik fjordhotell der arbeidet med istandsetjinga vart presentert av fylkeskommunen sin restaureringsleiar.

**Yris hotell, Eid kommune:** På Yris hotel har det frå 2008 vore gjennomført eit større arbeid med tak, konstruksjon og grunnmur. Mykje av restaureringsarbeidet er ferdigstilt men det står att arbeid med ytterdører, vindauga og remontering av demonterte delar av interiøret, samt plan og tilpassing av bygningen til ny bruk. Fylkeskommunen har gjennom bruk av tilskot til freda bygningar og anlegg dekkja alle kostnadane ved det antikvariske arbeidet som har blitt gjort til no. I det vidare arbeidet med istandsetjinga og oppgraderinga er det fylkesdirektøren si vurdering at eigar må ta sin del av kostnadane saman med tilskot frå det offentlege. Ei fylje av dette er at det ved tildeling av tilskot i 2015 vart sett som vilkår for tilskotet at eigar skal bidra med ein sum, noko eigar aksepterte. Eigar er i dialog med entrepenør i samband med tilpassing av bygningen til ny bruk. Når den nye bruken av bygningen er avklara, kan ein starte arbeidet med å remontere dei demonterte bygningsdelane i interiøret.

**Sveen, Gaular kommune:** på Sveen har arbeidet stoppa opp då eigarforholdet lenge var uavklara. Dette er no avklara og løyvinga frå 2014 kan i 2016 nyttast til det attståande arbeidet innvendig slik at den antikvariske delen av istandsetjinga kan ferdigstillast.

**Alværn, Høyanger kommune:** Arbeidet med tømmerkassa i stova mot vest er ferdigstilt og ein har no starta arbeidet med istandsetjing av grunnmuren. Planlagt ferdigstilling er i 2016.

**Nedre Kvamme, Lærdal kommune:** eigar har sikra taket mellombels og nytta 2015 til å tilverke material som skal nyttast i istandsetjinga. Arbeidet skal startast opp i 2016 og det er allereie løyvd ein sum til dette. Den løyvde summen er vesentleg mindre enn det det er behov for å ferdigstille istandsetjinga. Av den grunn foreslår fylkesdirektøren at det vert gjeve ei ytterlegare tildeling til dette prosjektet.

**Vonens hus, Fjaler kommune:** Arbeidet med vestveggen som eigar fekk tilskot til i 2015 er ferdigstilt. På bakgrunn av erfaringane med dette arbeidet ynskjer eigar no å setje istand dei andre veggane i eit samla prosjekt, då det vil føre til mindre kostnadar med rigg og drift enn å ta ein vegg av gongen slik ha opphavleg planla. I tillegg er det starta opp eit arbeid med å setje istand salen i andre etasje og eigar har no søkt om å få dekke dei antikvariske meirkostnadane som fylje av vilkår i gitt dispensasjon.

**Hagevik tønnefabrikk, Vågsøy kommune:** på Hagevik tønnefabrikk har eigar over fleire år arbeidd med å setje istand muren i sjøen. Det har vore eit utfordrande og kostnadskrevjande prosjekt som vart ferdigstilt i 2015. Etter denne istandsetjinga står det att nokon mindre tiltak på bygningen som skal ferdigstillast i 2016.

## **5. Førehandstildeling for 2017**

Føremålet med førehandstildelinga er å gje eigar av dei freda bygga som har store prosjekt føreseielege rammer for å kunne lette planlegginga av istandsetjinga. Årets tildeling av midlar var vesentleg mindre enn det fylkeskommunen hadde søkt om. Det gjer at nokon av dei prosjekta som ikkje er starta opp ikkje kan få det omsøkte tilskotet for 2016. Istandsetjinga av masstova på Lien (Olsbø) er eit prosjekt som må gjennomførast i løpet av dei næraste åra. Fylkesdirektøren ynskjer difor å gje eigar ei førehandstildeling for 2017 til dette prosjektet slik at eigar kan planlegge å starte arbeidet med istandsetjinga og vere sikker på at det vert midlar til denne i 2017.

## **6. Vurdering av innkomne søknadar**

Fylkeskommunen fekk inn 17 søknadar om tilskot frå post 71 til ulike istandsetjingsprosjekt i fylket, der fleire av søknadane omfattar meir enn eit prosjekt. I samband med vurdering og prioritering av søknadane har fylkesdirektøren vurdert dei i forhold til Riksantikvaren sine generelle føresetnader og prioriteringar i deira tildelingsbrev til fylkeskommunen, samt fyljande kriterier:

- Prosjekt som allereie er oppstarta der fylkeskommunen er involvert.
- Dekking av meirkostnadar som fylje av vilkår sett i dispensasjonar frå fredingsvedtaket.
- Bygningar/anlegg som har tilstandsgrad (TG) 2 og 3.
- Det vert ikkje gjeve løyve til ordinært vedlikehald.

Bua i Haukedalen bør få ein mindre sum til sikring og lagring i påvente av undersøkingar i forhold til datering og istandsetjing. Bua er sannsynlegvis frå tida før 1650. Viss bua vert datert til før 1650, vil Riksantikvaren erklære den som automatisk freda etter at den har blitt remontert. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at bygningen vert sikra fram til den er datert og kan bli remontert.

Hausten 2015 starta fylkeskommunen opp freding av eigedomen Heimdalstrand i Balestrand kommune. Heimdalstrand er sommarhuset etter målerinna Emma Normann Pastor og er ein særst godt bevart kunstnarvilla frå tidleg 1900-tal. Eigedomen har stått utan vedlikehald i mange år og den nye eigaren har gjennomført nødvendig sikringsarbeid på atelieret/stabburet og laga ein plan for istandsetjing og bruk av eigedomen. I fylje eigar sine planar skal eigedomen nyttast i reiselivs- og kulturformidlingssamanheng, slik at den no vert meir allment tilgjengeleg. Fylkesdirektøren vurderer det som viktig å støtte den nye eigaren i arbeidet med og har som mål at eigedomen skal ha tilstandsgrad 1 når vedtak om freding ligg føre.

For omtale og vurdering av dei enkelte søknadane sjå vedlegg 3.

## **7. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og tilrår hovudutval for næring og kultur å gjere vedtak i tråd med framlegg.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑